



# SAMDOK-prosjektet

## Prioriterte oppgaver 2014

*Oppdatert pr 15/10*

# Innhald

<b>Bakgrunn</b>	<b>3</b>
<b>(1) Formelt samarbeid med KMD og Difi om arkivspørsmål</b>	<b>4</b>
<b>(2) Etterslep digitalt skapt materiale i kommunal sektor 1985 til 2010</b>	<b>5</b>
<b>(3) Synkron overføring av digitale arkiv til depot</b>	<b>6</b>
<b>(4) Felles søketeneste i alle Noark-baserte uttrekk</b>	<b>7</b>
<b>(5) Felles retningsliner for digitalisering av kommunalt og privat materiale</b>	<b>8</b>
<b>(6) Nasjonal kompetanseportal for arkiv</b>	<b>9</b>
<b>(7) Metodikk for bestandsanalyse og samfunnsanalyse for privatarkiv</b>	<b>10</b>
<b>(8) Strategi for bevaring av bedriftsarkiv</b>	<b>11</b>
<b>(9) Utgreiing om arbeidet med privatarkiv i Norge</b>	<b>12</b>
<b>(10) Kompetansemiljø elektroniske arkiv</b>	<b>13</b>
<b>(11) Tenestegrensesnitt mot Noark 5</b>	<b>14</b>
<b>(12) Digitalisering av offentlig sektor - konsekvensar for arkiv</b>	<b>15</b>
<b>(13) Dokumentfangst fra e-post</b>	<b>16</b>
<b>(14) Arkivkjerne som felleskomponent for offentlig sektor</b>	<b>17</b>
<b>Arbeidsgrupper og budsjettmessige føresetnader</b>	<b>18</b>
<b>Milepælar og fristar – oversyn</b>	<b>19</b>

## Bakgrunn

Samdok-prosjektet vart etablert av Riksarkivaren våren 2013 for å fylgja opp stortingsmelding om arkiv. Som eit ledd i dette arbeidet vart kring 35 arkivinstitusjonar, organisasjonar med meir i februar 2013 inviterte til å koma med innspel til Arkivverket sin strategi for 2014-2017. På same tid inviterte og Riksarkivaren til dialogmøte med ulike aktørar i arkivfeltet. Innspela frå desse to initiativa låg til grunn for det vidare arbeidet i Samdok-prosjektet. Det vart og eit viktig grunnlag for Arkivverket sin strategi for 2014-2017 som vart vedteken i juni 2013.

Etter sommaren 2013 kom tre strategigrupper på plass med representantar frå KAI-institusjonane, Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek, Landslaget for Lokal og Privatarkiv, KS, Norsk Arkivråd, Kulturrådet, statsarkiva og Riksarkivet. Desse 3 gruppene fekk i oppgåve å koma med framlegg til prioriterte satsingar innanfor privatarkiv, kommunale arkiv og arkiv i e-forvaltning. Ein skulle velja ut oppgåver som best kunne løysast innanfor eit breitt samarbeid som Samdok legg opp til. Mange oppgåver vart valde vekk på grunn av prioritering, at dei var godt ivaretekne på anna vis eller at dei bør løftast fram att seinare.

Dette notatet gjer greie for det som vart resultatet etter at alle dei 3 gruppene har hatt 3 drøftingsmøte og koma fram til sine prioriteringar. Dette framlegget har og vore til gjennomsyn i gruppene. Dokument gir eit samla oversyn over Samdok-satsingar i 2014.

Dei budsjettmessige konsekvensane vil utgjera ca 1.32 millionar i 2014. Det er naturleg nok eit litt grovt estimat, men vil danna førebels råme for arbeidet i 2014. Neste steget er at gruppene utarbeider meir konkrete prosjektplanar for kvar satsing innan 15.4.

## Strategigrupper – SAMDOK

Sist oppdatert: 18. oktober 2014



Institusjon	Arkiv i e-forvaltning (EFORV)	Kommunale arkiv (KOMM)	Privatarkiv (PRIV)
<b>KAI</b>	Jan Tore Helle ( <i>Bergen Byarkiv</i> ) <a href="mailto:Jan.Helle@bergen.kommune.no">Jan.Helle@bergen.kommune.no</a> Tor Eivind Johansen ( <i>KDRS</i> ) <a href="mailto:tor.eivind.johansen@kdrs.no">tor.eivind.johansen@kdrs.no</a>	Wenche Risdal Lund ( <i>IKA Kongsberg</i> ) <a href="mailto:wenche@ikakongsberg.no">wenche@ikakongsberg.no</a>	Arnt Ola Fidjestøl, <i>IKA Møre og Romsdal</i> ) <a href="mailto:arnt.ola.fidjestol@ikamr.no">arnt.ola.fidjestol@ikamr.no</a>
<b>LLP</b>	Ole Martin Rønning ( <i>LLP/ArbArk</i> ) <a href="mailto:ole.martin.ronning@arbark.no">ole.martin.ronning@arbark.no</a>	Tom Oddby ( <i>LLP/Drammen byarkiv</i> ) <a href="mailto:tomodd@drmk.no">tomodd@drmk.no</a>	Cecilie Lintoft ( <i>LLP/Oslo Byarkiv</i> ) <a href="mailto:cecilie.lintoft@kul.oslo.kommune.no">cecilie.lintoft@kul.oslo.kommune.no</a>
<b>KS</b>	Elisabeth Gade ( <i>KS/Skedsmo kommune</i> ) <a href="mailto:Elisabeth.Gade@skedsmo.kommune.no">Elisabeth.Gade@skedsmo.kommune.no</a> Anne Mette Dørum ( <i>KS</i> ) <a href="mailto:Anne.Mette.Dorum@ks.no">Anne.Mette.Dorum@ks.no</a>	Harriett Terjesen ( <i>KS/Vestfold fylkeskomm.</i> ) <a href="mailto:harriett@vfk.no">harriett@vfk.no</a> Anne Mette Dørum ( <i>KS</i> ) <a href="mailto:Anne.Mette.Dorum@ks.no">Anne.Mette.Dorum@ks.no</a>	Kari Remseth ( <i>Statsarkivet i Trondheim</i> ) <a href="mailto:kare@arkivverket.no">kare@arkivverket.no</a> / Astrid Øksenvåg ( <i>KS/eKor</i> ) <a href="mailto:ao@ekor.no">ao@ekor.no</a>
<b>NA</b>	Ellen M. Pihl Konstad ( <i>NA/Det Norske Veritas</i> ) <a href="mailto:ellen.konstad@dnv.com">ellen.konstad@dnv.com</a>	Gunn Sværen ( <i>NA/Bærum kommune</i> ) <a href="mailto:Gunn.svaeren@baerum.kommune.no">Gunn.svaeren@baerum.kommune.no</a>	Anja Jergel Vestvold ( <i>NA/FMC Technologies</i> ) <a href="mailto:AnjaJergel.Vestvold@fmcti.com">AnjaJergel.Vestvold@fmcti.com</a>
<b>Arkiv-institusjoner</b>			Frank Meyer ( <i>ArbArk</i> ) <a href="mailto:frank.meyer@arbark.no">frank.meyer@arbark.no</a>
<b>Kulturrådet</b>		Bjørn Bering <a href="mailto:bjorn.bering@kulturrad.no">bjorn.bering@kulturrad.no</a>	Eli Solberg <a href="mailto:eli.solberg@kulturrad.no">eli.solberg@kulturrad.no</a>
<b>Statsarkivene</b>	Vigdis Stensby ( <i>SA Hamar</i> ) <a href="mailto:vigdis.stensby@arkivverket.no">vigdis.stensby@arkivverket.no</a>	Kjetil Reithaug ( <i>SA Kristiansand</i> ) <a href="mailto:kjerei@arkivverket.no">kjerei@arkivverket.no</a>	Torkel Thime ( <i>SA Stavanger</i> ) <a href="mailto:toth@arkivverket.no">toth@arkivverket.no</a>
<b>Riksarkivet</b>	Hans Fredrik Berg ( <i>prosjektleder</i> ) <a href="mailto:hanber@arkivverket.no">hanber@arkivverket.no</a> Tor Anton Gaarder <a href="mailto:toga@arkivverket.no">toga@arkivverket.no</a>	Ingrid Nina Nøstberg ( <i>prosjektleder</i> ) fra 23.04.14 <a href="mailto:ingnos@arkivverket.no">ingnos@arkivverket.no</a> Anna Malmø-Lund <a href="mailto:annmal@arkivverket.no">annmal@arkivverket.no</a> Vilde Ronge <a href="mailto:vilron@arkivverket.no">vilron@arkivverket.no</a>	Ellen Røsjo ( <i>prosjektleder</i> ) <a href="mailto:ellros@arkivverket.no">ellros@arkivverket.no</a> Sigrun Rasmussen <a href="mailto:sigras@arkivverket.no">sigras@arkivverket.no</a> Vidar Øverland <a href="mailto:viol@arkivverket.no">viol@arkivverket.no</a>

Gunnar Urtegaard/Kari Frodesen

Samdok - vedteke prioriteringar 2014 (rev. pr 15/10)

<b>Oppgåve</b>	<b>(1) Formelt samarbeid med KMD og Difi om arkivspørsmål</b>
<b>Omtale</b>	Det er viktig å få på plass eit meir formelt samarbeid mellom Riksarkivaren, Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) og DIFI om arkivspørsmål i samband med digitalisering av offentleg sektor.
<b>Mål 2014</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Eit møte med politisk leiing i KUD og KMD om arkivspørsmål</li> <li>2. Riksarkivaren med i Skate-prosjektet (<a href="http://www.difi.no/digital-forvaltning/it-styring/skate">http://www.difi.no/digital-forvaltning/it-styring/skate</a>)</li> <li>3. Etablert formelt samarbeidsforum</li> </ol>
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Riksarkivaren og Samdok-partnarane tek dette opp gjennom sine kanalar</li> <li>• Styrka det faglege samarbeidet gjennom konkrete prosjekt</li> </ul>
<b>Milepælar og framdrift</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1.1 Møte med politisk leiing - innan 1.7</li> <li>1.2 Riksarkivet inn i Skate – innan 01.12</li> <li>1.3 Etablert samarbeidsforum - innan 1.12</li> </ol>
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Ingen - alle må arbeida for dette i sine kanalar
<b>Ansvarleg</b>	Riksarkivaren
<b>Prioritert i gruppe</b>	Kommunale arkiv
<b>Budsjettbehov</b>	Ingen
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablert samarbeidsforum</li> <li>• Riksarkivet deltar i Skate</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	(12) Digitalisering av offentleg sektor - konsekvensar for arkiv
<b>Merknad</b>	

<b>Oppgåve</b>	<b>(2) Etterslep digitalt skapt materiale i kommunal sektor 1985 til 2010</b>
<b>Omtale</b>	Når det gjeld omfanget av digitalt skapt materiale i tidsrommet 1985 til 2010 så manglar ein gode nok oversyn. Det er truleg uråd å få nøyaktige tal. Ein vurderer det likevel slik at det er råd å utvikla ein metodikk for å estimera med god nok margin. 576 uttrekk er per 2012 overførde frå kommunale eller fylkeskommunale arkivskaparar til depot (Kjelde: arkivstatistikken 2012). Truleg finst det totalt 15.000-20.000 (?) arkivverdige uttrekk frå kommunal sektor frå det aktuelle tidsrommet.  For å kunna planleggja realistisk for denne oppgåva, må ein vita meir. I dette arbeidet må ein nytta erfaringar og kartleggingar som alt er gjorde i KAI-miljøet og byggja vidare på dei.
<b>Mål 2014</b>	1. Estimat når det gjeld arkivverdige uttrekk frå kommunal sektor 1985-2010 2. Estimat for kostnad og andre ressursbehov for å løysa oppgåva
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablera ei arbeidsgruppe med fagleg kompetanse og erfaring</li> <li>• Utvikla metodikk for utvalskartlegging for dette føremålet</li> <li>• Gjennomføra kartlegging for å prøva ut metodar</li> <li>• Rapport med kvantifisering og ressursbehov</li> </ul>
<b>Milepæl og framdrift</b>	2.1 Arbeidsgruppe nedsett innan 15.3 2.2 Notat med framlegg til metodikk innan 1.6 2.3 Kartlegging innan 15.10 2.4 Rapport med kvantifisering og ressursbehov innan 15.12
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Arbeidsgruppe med fagpersonar frå KAI-miljøet og frå Riksarkivet
<b>Ansvarleg</b>	Samdok – Prosjektleder kommunale arkiv
<b>Prioritert i gruppe</b>	Kommunale arkiv
<b>Budsjettbehov</b>	50.000 ,- - 3-5 reise/møte for gruppa
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rapport med kvantifisering og ressursbehov</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	
<b>Merknad</b>	Rapporten skal først og fremst gje eit realistisk bilete av oppgåva og synleggjera kva som kan vera i ferd med å skje.  Rapporten skal og nyttast i arbeidet med å utvikla betre metodar, endringar i lovverk og meir fokus på betre løysingar for dokumentfangst og overføring til depot.

<b>Oppgåve</b>	<b>(3) Synkron overføring av digitale arkiv til depot</b>
<b>Omtale</b>	<p>Det er trong for å prøva ut meir effektive og automatiserte metodar for overføring av digitalt skapt arkiv til depot.</p> <p>IKA Kongsberg har gjennomført forstudie om Noark arkivkjerne plassert i ein IKA-institusjon. Samdok-gruppa har merka seg den store tilslutninga denne tanken har fått frå eigarkommunane. Samdok ynskjer å støtta arbeidet med å konkretisera og gjennomføra dette pilotprosjektet.</p> <p>Riksarkivet har og utarbeidd skisse til signalprosjekt i samband med budsjett 2015 der ei slik tilnærming inngår. Den vil leggja grunn for å etablera liknande pilotar i statleg sektor.</p>
<b>Mål 2014</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Klar til å byrja arbeidet med å etablera pilot(ar) for synkron overføring til depot frå 1.1.2015</li> <li>2. Forprosjekt og kravspek for løysing skal liggja klart</li> </ol>
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Detaljera forprosjekt for Noark-kjerne i IKA-institusjon</li> <li>• Detaljera forprosjekt for Noark-kjerne i statleg forvaltning (i linja i Arkivverket)</li> <li>• Detaljera forprosjekt for Noark-kjerne i privat sektor (kjem som oppfølging)</li> <li>• Ferdigstilla tenestegrensesnitt for Noark 5 kjerne (Påbyrja)</li> <li>• Utarbeida kravspek for slik løysing (som og kan brukast av privat sektor)</li> <li>• Søkja finansiering gjennom ulike kanalar</li> </ul>
<b>Milepæl og framdrift</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>3.1 Forprosjekt oppstart innan 1.9</li> <li>3.2 Kravspek løysing ferdig innan 31.12</li> </ol>
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Vert etablert i samarbeid med IKA Kongsberg
<b>Ansvarleg</b>	<p>Samdok/ Prosjektleder e-forvaltning i samarbeid med i samarbeid IKA Kongsberg med fleire</p> <p>KS/KommitIT tek over eigarskap til den kommunale delen av oppgåva pr oktober/november 2014. Riksarkivet går inn i styringsgruppa.</p>
<b>Prioritert i gruppe</b>	Arkiv i e-forvaltning
<b>Budsjettbehov</b>	<p>I 2014: estimat 200.000,- Dette må avklarast nærare.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Reise arbeidsgruppe</li> <li>- Innleigd hjelp til kravspek</li> </ul>
<b>Resultat ved slutten av året</b>	Kravspek for løysing klar for anbod
<b>Relaterte oppgåver</b>	<p>(4) Felles søketeneste i alle Noark-baserte uttrekk</p> <p>(5) Felles retningsliner for digitalisering...</p> <p>(11) Tenestegrensesnitt Noark-5</p> <p>(14) Arkivkjerne som felleskomponent</p> <p>RA Interne prosjekt (Stat)</p>
<b>Merknad</b>	Nært samarbeid med personar som arbeider med daglegarkiv, systemleverandørar med meir inn i arbeidsgruppe.

<b>Oppgåve</b>	<b>(4) Felles søketeneste i alle Noark-baserte uttrekk</b>
<b>Omtale</b>	<p>Ein manglar i dag gode søketenester for avleverte Noark-baserte uttrekk. Ein bør få utvikla eit system for felles søk i slikt materiale frå både statleg, kommunal og også privat sektor.</p> <p>Prinsippet kan vera at ein mappar alle Noark-versjonar mot Noark-5 og utviklar søketenester basert på det. På lang sikt bør ein då kunna få etablert felles søk til sak/journalpost/dokument for mange millionar saker og dokument frå offentleg forvaltning.</p> <p>Eit nærliggjande døme er i dag OEP der ein har søketilgang til 18 millionar postar frå statleg sektor og der det i "historisk OEP" ligg ca 18. millionar postar.</p>
<b>Mål 2014</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ferdig kravspek for slik løysing</li> <li>2. Pilot på utvalde datasett.</li> </ol>
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeida kravspek for korleis ei slik løysing kan utviklast og setjast i drift i Riksarkivet</li> <li>• Etablere pilot med data frå uttrekk frå statleg og kommunal sektor</li> <li>• Plan/kravspek for hovudprosjekt klart innan 31.12.2014</li> </ul>
<b>Milepælar og framdrift</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>4.1 Kravspek innan 1.9</li> <li>4.2 Pilot køyrer innan 1.11</li> <li>4.3 Kravspek for hovudprosjekt innan 31.12</li> </ol>
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Arbeidsgruppe med folk frå Riksarkivet og kommunal sektor. Ekstern kompetanse der det er trong for det
<b>Ansvarleg</b>	Samdok/ Prosjektlear arkiv i e-forvaltning i samarbeid med prosjektlear kommunale arkiv
<b>Prioritert i gruppe</b>	Kommunale arkiv
<b>Budsjettbehov</b>	100.000 til ekstern kompetanse - DT-seksjonen i samarbeid med DD, Elark og IT står for hovudarbeidet
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pilot køyrer</li> <li>• Kravspek for hovudprosjekt ligg klar</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	<p>(3) Synkron overføring</p> <p>(5) Retningsliner for digitalisering av kommunalt og privat materiale</p> <p>(11) Tenestegrensesnitt Noark-5</p> <p>(14) Arkivkjerne som felleskomponent</p>
<b>Merknad</b>	Ein skal sjå nærare på løysingar basert på RDF og semantisk teknologi. Ref prosjekt i Hafslund, Mattilsynet med meir.

<b>Oppgåve</b>	<b>(5) Felles retningslinjer for digitalisering av kommunalt og privat materiale</b>
<b>Omtale</b>	<p>Lite arkivmateriale frå kommunal og privat sektor er digitalisert og tilgjengeleg på nettet om ein ser bort frå byggesaksarkiv/eigedomsarkiv. For å nå målet om samla samfunnsdokumentasjon er det ein føresetnad at det og finst kommunalt og privat arkivmateriale tilgjengeleg. Samdok-gruppa ynskjer å styrka dette arbeidet og det er og i tråd med føringar i arkivmeldinga.</p> <p>Det skal gjennomførast ei kartlegging for å sjå kva materiale som er digitalisert, kva metodar og standardar som er nytta og få innspel på trongen for retningslinjer og samordning. Her må ein og sjå kva som er gjort før på dette feltet, mellom anna arbeidet med digitalisering av møtebøker og eigedomsarkiv.</p> <p>I arbeidet med å gjera materiale tilgjengeleg må det leggjast vekt på god samordning i arkivsektoren og i størst mogeleg grad dra nytte av felles løysingar.</p> <p>Ny teknologi basert på RDF og semantisk web skal utgreiast. Bruk av Arkivportalen og felles løysing for digitalisert materiale skal utgreiast. Foto i arkiv vil og vera ei sak å sjå nærare på.</p>
<b>Mål 2014</b>	1. Felles strategi og retningslinjer for digitalisering og tilgjengeleggjering av kommunalt og privat arkivmateriale
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegging av digitalisert materiale og nytta metodar</li> <li>• Kartleggja område der det er trøng for samordning og standardar</li> <li>• Etablera felles standardar for sentrale område</li> <li>• Felles strategi for bruk av Arkivportalen og Digitalarkivet</li> <li>• Felles tilnærming til materiale frå arkivsektoren til Europeana</li> </ul>
<b>Milepælar og framdrift</b>	5.1 Kartlegging innan 1.7 5.2 Tilråding standardar innan 1.11 5.3 Felles strategi for Arkivportalen, Digitalarkivet og Europeana 31.12
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Representantar frå KAI-institusjonar, privat sektor og Arkivverket
<b>Ansvarleg</b>	Samdok/ Prosjektleiarkommunale arkiv i nært samarbeid med depotavdelinga i Riksarkivet
<b>Prioritert i gruppe</b>	Kommunale arkiv
<b>Budsjettbehov</b>	60.000 - Reiser arbeidsgruppe, 3-4 møte
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Felles standardar for digitalisering og metadata på plass</li> <li>• Felles strategiar for publisering av digitalisert materiale i arkivsektoren</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	(3) Synkron overføring... (4) Felles søketeneste i alle Noark-baserte uttrekk
<b>Merknad</b>	Arkivverket skal i 2014 ha ein gjennomgang av sine strategiar og retningslinjer, og god samordning her er viktig.

<b>Oppgåve</b>	<b>(6) Nasjonal kompetanseportal for arkiv</b>
<b>Omtale</b>	<p>Tanken om å laga ein nasjonal kompetanseportal for arkiv oppsto etter eit samarbeid mellom IKA Kongsberg og Midt-Telemarkrådet (mtr). Mtr har laga ein læringsportal for de tre kommunane Bø, Nome og Sauherad.</p> <p>Læringsportalen i Midt-Telemark nyttar ulike pedagogiske virkemiddel som alle rettar seg mot eit overordna mål: Kompetanseheving for sakshandsamarar i kommunane.</p> <p>Virkemiddel som vert nytta:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kartlegging av eksisterande kompetanse på individnivå</li> <li>2. Førebuing til kurs via e-læringssekvenser (nano-læring)</li> <li>3. Kompetansetestar på individnivå</li> </ol> <p>De virkemidlene som ligger i portalen er ikke en erstatning for tradisjonelle kurs, men snarere et supplement som skal gjøre at læringsutbyttet fra de tradisjonelle kursene økes dramatisk.</p>
<b>Mål 2014</b>	1. Ein nasjonal kompetanseportal for arkiv er etablert
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få på plass organisering</li> <li>• Laga/velja plattform</li> <li>• Innhaldsproduksjon</li> <li>• Utrulling</li> </ul>
<b>Milepælar og framdrift</b>	<p>6.1 Plattform og innhaldsdisposisjon innan 1.8</p> <p>6.2 Innhaldsproduksjon godt i gang innan 1.11</p> <p>6.3 Utrulling/drift våren 2015</p>
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Deltakarar frå KAI, Midt-Telemarkrådet, KS si arkivgruppe og Riksarkivet
<b>Ansvarleg</b>	Oppgaven overføres til KS/KommiT og integreres i KS-plattformen KS Læring.
<b>Prioritert i gruppe</b>	Kommunale arkiv
<b>Budsjettbehov</b>	<p>Sum: 90.000</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeiding av innhald (løn) 50.000</li> <li>- Reiser arbeidsgruppe 3-4 møte: 40.000.</li> </ul>
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kompetanseportalen er etablert med programvare, metode og innhald klart for utrulling våren 2015</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	
<b>Merknad</b>	

<b>Oppgåve</b>	<b>(7) Metodikk for bestandsanalyse og samfunnsanalyse for privatarkiv</b>
<b>Omtale</b>	Føremålet med ein bevaringsplan er å motverke at bevaringsarbeidet skjer tilfeldig og uten samanheng. Plan skal og sikra at arkiv etter viktige verksemder ikkje blir oversett. Ein bevaringsplan vil og leggja til rette for betre disponering av tilgjengelege ressursar. Felles metodikk for bestandsanalyse og samfunnsanalyse vil vera eit viktig grunnlag for å koma fram til ein samla strategi og arbeidet med privatarkiv.
<b>Mål 2014</b>	1. Utarbeida metodikk for bestandsanalyse og for samfunnsanalyse som så bør inngå i vidare arbeid med bevaringsplaner på ulike nivå og område.
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeidsgruppe for bevaringsplanar med representantar med breid erfaring vart nedsett før jul og har hatt eitt møte.</li> </ul>
<b>Milepælar og framdrift</b>	<p>7.1 Metodikk for bestandsanalyse basert på Asta og Arkivportalen innan 1.4</p> <p>7.2 Rapportar frå Asta og Arkivportalen for analyse innan 1.4</p> <p>7.3 To prøvefylke veljast ut innan 1.4</p> <p>7.4 Workshop om metodikken innan 1.7</p> <p>7.5 Metodikk for samfunnsanalyse innan 1.9</p> <p>7.6 Workshop om metodikken innan 1.11</p>
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Arbeidsgruppe for metodikk og bevaringsplanar etablert
<b>Ansvarleg</b>	Samdok/ Prosjektleder for privatarkiv
<b>Prioritert i gruppe</b>	Privatarkiv
<b>Budsjettbehov</b>	<p>Sum: 370.000</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 6-8 møte i gruppa, 70.000</li> <li>- 2 workshops (a 50.000) 100.000</li> <li>- Utvikling av analyseverktøy i Asta og Arkivportalen, 100.000</li> <li>- Støtte 2 pilotfylke: 100.000</li> </ul>
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Felles metodikk for bestandsanalyse og for samfunnsanalyse på plass</li> <li>Lagt fram og drøfta på workshop</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	
<b>Merknad</b>	Ein er i gang med å oppdatera metadata for privatarkiv i Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo slik at analysemetodar kan utprøvast der. Metadata svært mangelfulle. Fleire felt i Asta bør vera obligatoriske.

<b>Oppgåve</b>	<b>(8) Strategi for bevaring av bedriftsarkiv</b>
<b>Omtale</b>	Arkivmeldingen, Meld. St. 7 (2012-2013) peikar på at privat sektor er klart underrepresentert i høve til dei to andre sektorane. Det er eit særskilt behov for å styrka arbeidet med bevaring av bedriftsarkiv.
<b>Mål 2014</b>	1. Status, oversyn over organisering, finansieringsmodellar og innspel til strategi skal føreliggja som del av større utgreiing om privatarkivarbeidet.
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeidsgruppe for bedriftsarkiv med breid erfaring og representasjon vart oppretta i januar 2014</li> </ul>
<b>Milepæl og framdrift</b>	8.1 Kartleggja organisatoriske modellar innan 1.6 8.2 Kartleggja økonomiske modellar innan 1.6 8.3 Aktuelle organisatoriske modellar innan 1.10 8.4 Aktuelle økonomiske modellar for ressursar til arbeidet innan 1.10 8.5 Ein statusrapport for arbeidet med bedriftsarkiv innan 1.11
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Arbeidsgruppe bedriftsarkiv
<b>Ansvarleg</b>	Samdok/ Prosjektmedarbeidar privatarkiv
<b>Prioritert i gruppe</b>	Privatarkiv
<b>Budsjettbehov</b>	Sum 100.000 - 3-4 møte i gruppe, 50.000 - Studietur til Stockholm og evt. Danmark, 50.000
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Statusrapport med tilrådingar føreligg</li> <li>Rapporten innarbeidd i utgreiing om privatarkiv</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	(9) Utgreiing om arbeidet med privatarkiv i Norge
<b>Merknad</b>	

<b>Oppgåve</b>	<b>(9) Utgreiing om arbeidet med privatarkiv i Norge</b>
<b>Omtale</b>	Arkivmeldingen, Meld. St. 7 (2012-2013) understrekar at målet for arkivpolitikken er ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Arkiv frå statleg, kommunal og privat sektor utfyller kvarandre og dokumenterer samfunnet frå ulike vinklar og ståstader. Meldinga peikar på at privat sektor er klart underrepresentert i høve til dei to andre sektorane. Riksarkivaren har fått i oppgåve å konkretisera nivået for bevaring av privatarkiv i Norge, dvs. avklara kva som skal til for at arkiv frå privat sektor skal vera tilfredsstillande representert basert på målet om heilskapleg samfunnsdokumentasjon.
<b>Mål 2014</b>	1. Utgreiing om arbeidet med privatarkiv på ulike nivå og område, ferdig utkast innan 1.12.2014
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Plan for utgreiinga og framdrift per kapittel på plass i mars</li> <li>• Plan for drøfting og ferdigstilling av kvart kapittel i april</li> <li>• Utgreiing om bedriftsarkiv på plass i november</li> </ul>
<b>Milepæl og framdrift</b>	<p>9.1 Råme, disposisjon for arbeidet innan 1.4</p> <p>9.2 Framdrift per kapittel med forfattar og ansvar innan 1.4</p> <p>9.3 Drøfting av kapittel i møte i strategigruppa i juni og i november</p> <p>9.4 Første utkast innan 1.12</p>
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Strategigruppa for privatarkiv
<b>Ansvarleg</b>	Samdok/ Prosjektleiar for privatarkiv i samarbeid med prosjektmedarbeidar
<b>Prioritert i gruppe</b>	Privatarkiv
<b>Budsjettbehov</b>	100.000 til ev frikjøp av forfattarar. - Særleg kan dette vera aktuelt for arbeidet med bevaring av elektroniske privatarkiv.
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Første versjon av utgreiing om privatarkivarbeidet</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	(8) Strategi for bevaring av bedriftsarkiv
<b>Merknad</b>	Utgreiinga skal danna grunnlag for vidare arbeid med strategi som vert ei viktig oppgåve frå og med 2015.

<b>Oppgåve</b>	<b>(10) Kompetansemiljø elektroniske arkiv</b>
<b>Omtale</b>	<p>Det er behov for auka fokus på arbeidet med elektroniske arkiv. Det gjeld alle aspekt ved elektroniske arkiv, frå arkivdanning og dokumentfangst til langtidsbevaring og tilgjengeleggjing.</p> <p>Som ein del av dette vil ein kartleggja aktuelle kompetansemiljø og koma med framlegg til korleis ein kan få til betre samhandling. Slike miljø finst i arkivsektoren, men og i Difi, hjå systemleverandørar, i offentleg forvaltning, private verksemder, på universitet og høgskular, forskingsinstitusjonar med meir.</p>
<b>Mål 2014</b>	1. Oversikt over aktuelle kompetansemiljø og strategi for betre samhandling
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rapport med oversyn over aktuelle kompetansemiljø</li> <li>• Framlegg til korleis ein kan få til betre samhandling mellom ulike kompetansemiljø</li> <li>• Framlegg til konkrete prosjekt eller tiltak som bør prioriterast</li> </ul>
<b>Milepæl og framdrift</b>	<p>10.1 Kompetansemiljø er kartlagt innan 1.7</p> <p>10.2 Strategi for samarbeid – utkast innan 1.9</p> <p>10.3 Workshop med alle aktuelle kompetansemiljø innan 1.11</p>
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Prosjektleder for kommunale arkiv får i oppdrag å gjera slik kartlegging. Rapport og strategi vert lagt fram for strategigruppe kommunale arkiv.
<b>Ansvarleg</b>	Samdok/ Prosjektleder arkiv i e-forvaltning
<b>Prioritert i gruppe</b>	Arkiv i e-forvaltning.
<b>Budsjettbehov</b>	50.000 - Workshop
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Framlegg til samarbeidsstrategi på plass</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	
<b>Merknad</b>	

<b>Oppgåve</b>	<b>(11) Tenestegrensesnitt mot Noark 5</b>
<b>Omtale</b>	Det er stort behov for integrasjon mellom fagsystem og Noark 5 for å sikra dokumentfangst, arkivering og avlevering av arkivdokument til depot. Det er derfor stor etterspurnad etter eit standardisert generelt tenestegrensesnitt som gjer det mogeleg for leverandørar av fagsystem og Noark 5-system å utvikla løysingar basert på denne standarden.
<b>Mål 2014</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det er definert et generelt tjenestegrensesnitt mot Noark 5</li> <li>2. Tenestegrensesnitt er implementert av minst ein Noark 5-leverandør</li> <li>3. Tenestegrensesnitt er implementert av minst ein fagsystemleverandør</li> </ol>
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Definisjon av ein teknologiavhengig tenestemodell</li> <li>• Definisjon av web services for alle tenestene i modellen</li> <li>• Implementering og utprøving av tenarar og klientar</li> <li>• Spesifikasjon av ein testklient til bruk ved godkjenning av Noark 5-løysningar</li> </ul>
<b>Milepælar og framdrift</b>	<p>11.1 Tenestemodellen med tilhøyrande tenester er definert innan 1.7</p> <p>11.2 Pilotversjonar av minst ein tenar og ein klient er implementert innan 1.9</p> <p>11.3 Grensesnittet er utprøvd og inkludert i Noark 5 innan 1.12</p> <p>11.4 Ein testklient er spesifisert innan 1.12</p>
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Det er sett igang eit prosjekt under leiing av KS, med strategigruppe for Arkiv i e-forvaltning som styringsgruppe og Riksarkivaren, KS og KMD som prosjekteigarar. Prosjektet har ei arbeidsgruppe der leverandørar av fagsystem og Noark 5-løysingar, brukarar (kommune-representantar), KS og Riksarkivet deltek.
<b>Ansvarleg</b>	Samdok/ Prosjektleder arkiv i e-forvaltning
<b>Prioritert i gruppe</b>	Arkiv i e-forvaltning.
<b>Budsjettbehov</b>	Ingen i 2014. Prosjektet er alt finansiert av Klima- og miljødepartementet, KS og Riksarkivet.
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestegrensesnittet er inkludert i Noark 5 og prøvd ut i minst ei integrasjonsløysing</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	(3) Synkron overføring (4) Felles søketeneste i alle Noark-baserte uttrekk (14) Arkivkjerne som felleskomponent
<b>Merknad</b>	Prosjektet føreset endringar i Noark 5.

<b>Oppgåve</b>	<b><i>(12) Digitalisering av offentleg sektor - konsekvensar for arkiv</i></b>
<b>Omtale</b>	Regjeringa sin strategi for digitalisering av offentleg sektor omfattar mellom anna digitalt førsteval, bruk av elektroniske publikumstenester og elektronisk samhandling med og i forvaltninga. Det skal etablerast kontaktregister, felles meldingsboks, SvarUt (for kommunane) m.m. Det er behov for å få utgreia alle arkivfaglege konsekvensar av dette.
<b>Mål 2014</b>	1. Ein handlingsplan med tiltak for å ivareta alle arkivfaglege sider ved digitalisering av offentleg sektor.
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegging av element i digitaliseringssatsinga.</li> <li>• Analyse av arkivfaglege konsekvensar ved bruk av desse.</li> <li>• Utarbeida handlingsplan med tiltak.</li> </ul>
<b>Milepælar og framdrift</b>	12.1 Element i digitaliseringssatsinga er kartlagde innan 1.5 12.2 Arkivfaglege konsekvensar ved bruk av disse er analysert innan 1.10 12.3 Ein handlingsplan med framlegg til tiltak ligg føre innan 1.12
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Arbeidsgruppe vert strategigruppe for arkiv i e-forvaltning. Kartlegging utført av prosjektleiar i samarbeid med fagmiljø knytt til Samdok-prosjektet.
<b>Ansvarleg</b>	Samdok. Prosjektleiar arkiv i e-forvaltning
<b>Prioritert i gruppe</b>	Arkiv i e-forvaltning.
<b>Budsjettbehov</b>	Kan vera trong for eksterne. 50.000 kr.
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein handlingsplan med framlegg til tiltak for å ivareta alle arkivfaglege sider ved regjeringa si digitaliseringssatsing</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	(1) Formelt samarbeid med KMD og Difi om arkivspørsmål
<b>Merknad</b>	

<b>Oppgave</b>	<b>(13) Dokumentfangst fra e-post</b>
<b>Omtale</b>	Dokumentfangst, registrering og arkivering er ein av dei største utfordringane i både offentlig og privat sektor, aksentuert av kommunikasjonskanaler utanfor arkivtenestene sin kontroll. Den omfattande e-postutvekslinga frå person til person, gjer dette til eit prioritert område som det hastar å få kontroll på.
<b>Mål 2014</b>	1. Foreslå konkrete tiltak innan områda kultur, organisasjon, teknologi og lovverk og standardar som kan bidra til å auke dokumentfangsten frå e-post.
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innhente erfaringsgrunnlag fra ulike virksomheter</li> <li>• Identifisere problemene, hvorfor er det så "vanskelig" med e-post</li> <li>• Komme frem til konkrete forslag til tiltak</li> </ul>
<b>Milepælar og fremdrift</b>	13.1 Innhente erfaringsgrunnlag: 1. august 2014. 13.2 Leggja fram forslag til område og tiltak: 20. oktober 2014 13.3 Prioritere tiltaka: 15. november 13.4 Levere rapport med liste over prioriterte tiltak: 31. desember 2014
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Det vert oppretta arbeidsgruppe.
<b>Ansvarleg</b>	Samdok/ Prosjektleder kommunale arkiv
<b>Prioritert i gruppe</b>	Kommunale arkiv
<b>Budsjettbehov</b>	50.000 - Reiser og møte i arbeidsgruppa
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rapport utarbeides på bakgrunn av gruppas arbeid.</li> <li>• I rapporten skal ein føreslå, prioritere og tilrå konkrete tiltak innan områda kultur, organisasjon, teknologi og lovverk og standarder som kan bidra til å auke dokumentfangsten frå e-post.</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	
<b>Merknad</b>	

<b>Oppgåve</b>	<b><i>(14) Arkivkjerne som felleskomponent for offentlig sektor</i></b>
<b>Omtale</b>	Målet er å få etablert arkivkjerne basert på Noark-standarden som ein felleskomponent for offentlig forvaltning. Ein vil og sjå på føresetnader og konsekvensar når det gjeld IKT-arkitektur. Andre spørsmål er korleis bør ansvarsdelinga mellom arkivskapar og depot vera, og på kva stadium er det mest tenleg å overføra materiale frå arkivskapar til depot.
<b>Mål 2014</b>	1. Utgreiing med tilrådingar om arkivkjerne som felleskomponent for offentlig forvaltning. 2. Tilråding om IKT-arkitektur for elektroniske arkiv er utarbeidd.
<b>Tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegging av gjeldande krav til IKT-arkitektur i stat og kommunar, samt praksis i privat sektor.</li> <li>• Utgreiing av føresetnader og konsekvensar for arkivkjerne som felleskomponent.</li> <li>• Krav til IKT-arkitektur</li> <li>• Utgreiing om deponeringsordninga og tidleg avlevering av arkivmateriale, medrekna ansvars- og funksjonsdeling mellom arkivskapar og depot.</li> </ul>
<b>Milepælar og framdrift</b>	14.1 Gjeldande krav til IKT-arkitektur er kartlagt innan 1.5 14.2 Ulike modellar for bruk av felleskomponent for arkiv er analysert innan 1.7 14.3 Deponeringsordninga og alternativ til denne er analysert innan 1.11 14.4 Samla utgreiing med tilrådingar ligg føre innan 1.12
<b>Arbeidsgruppe(r)</b>	Det vert oppretta arbeidsgruppe. Difi viktig part.
<b>Ansvarleg</b>	Samdok/ Prosjektleder arkiv i e-forvaltning
<b>Prioritert i gruppe</b>	Arkiv i e-forvaltning.
<b>Budsjettbehov</b>	100.000 - Reiser og møte i arbeidsgruppa
<b>Resultat ved slutten av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein tilrådd arkitektur for elektronisk arkivdanning som omfattar både arkivdanning og overføring til depot ligg føre</li> </ul>
<b>Relaterte oppgåver</b>	(3) Synkron overføring... (4) Felles søketeneste i alle Noark-baserte uttrekk (11) Tenestegrensesnitt Noark-5
<b>Merknad</b>	Utgreiing av deponeringsordninga og tidleg avlevering skal koordinerast med oppgåve nr. 3 Synkron overføring av arkivmateriale til depot.

### Arbeidsgrupper og budsjettmessige føresetnader

	Tiltak	Arbeidsgruppe	Budsjettbehov
1	Formelt samarbeid med KMD og Difi om arkivspørsmål	<i>Nei</i>	
2	Etterslep digitalt skapt materiale i kommunal sektor 1985 til 2010 – kartlegging	Ja	50.000
3	Synkron overføring av arkivmateriale til depot	Ja	200.000
4	Felles søketeneste i alle Noark-baserte uttrekk	Ja	100.000
5	Felles retningslinjer for digitalisering av kommunalt og privat materiale	Ja	60.000
6	Nasjonal kompetanseportal for arkiv	Ja	90.000
7	Metodikk for bestandsanalyse og samfunnsanalyse for privatarkiv	Ja	370.000
8	Strategi for bevaring av bedriftsarkiv	Ja	100.000
9	Utgreiing om arbeidet med privatarkiv i Norge	<i>Nei</i>	100.000
10	Kompetansemiljø elektroniske arkiv	<i>Nei</i>	50.000
11	Tenestegrensesnitt mot Noark 5	Ja	
12	Digitalisering av offentlig sektor - konsekvensar for arkiv	<i>Nei</i>	50.000
13	Dokumentfangst fra e-post	Ja	50.000
14	Arkivkjerne som felleskomponent for offentlig sektor	ja	100.000
	<b>Sum</b>	<b>9 arbeidsgrupper</b>	<b>1.320.000</b>

### Milepælar og fristar – oversyn

SAMDOK 2014	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
<b>(1) Formelt samarbeid med KMD og Difi om arkivspørsmål (KOMM)</b>												
1.1 Møte politisk leiing							X					
1.2 Riksarkivaren inn i Skate												X
1.3 Etablert samarbeidsforum												X
<b>(2) Etterslep digitalt skapt materiale i kommunal sektor 1985 til 2010 – kartlegging (KOMM)</b>												
2.1 Arbeidsgruppe nedsett				X								
2.2 Notat framlegg til metodikk						X						
2.3 Kartlegging									X			
2.4 Rapport kvantifisering og ressursbehov												X
<b>(3) Synkron overføring av arkivmateriale til depot (EFORV) –KS/KommIT prosjekteier fra november</b>												
3.1 Forprosjekt oppstart									X			
3.2 Kravspek løysing ferdig												X
<b>(4) Felles søketeneste i alle Noark-baserte uttrekk (KOMM)</b>												
4.1 Kravspek											X	
4.2 Pilot køyrer											X	
4.3 Kravspek hovudprosjekt												X
<b>(5) Felles retningslinjer for digitalisering av kommunalt og privat materiale (KOMM)</b>												
5.1 Kartlegging							X					
5.2 Tilråding standardar											X	
5.3 Felles strategi Arkivportalen, Digitalarkivet, Europeana												X
<b>(6) Nasjonal kompetanseportal for arkiv – OVERTATT AV KS/KOMMIT</b>												
6.1. Plattform og plan klar								X				
6.2. I gang med innhalds- produksjon											X	
6.3. Utrulling våren 2015												X
<b>(7) Metodikk for bestandsanalyse og samfunnsanalyse for privatarkiv (PRIV)</b>												
7.1 Metodikk bestands-analyse Asta og Arkivportalen				X								
7.2 Rapportar Asta og Arkiv-portalen for analyse				X							X	
7.3 To prøvetylke veljast ut				X						X		
7.4 Workshop om metodikk							X					
7.5 Metodikk for samfunnsanalyse									X			
7.6 Workshop metodikk s.a.											X	
<b>(8) Strategi for bevaring av bedriftsarkiv (PRIV)</b>												
8.1 Kartleggja organisatoriske modellar						X						
8.2 Kartleggja økonomiske modellar						X						
8.3 Aktuelle organisatoriske modellar										X		
8.4 Aktuelle økonomiske modellar for ressursar										X		
8.5 Ein statusrapport for arbeidet med bedriftsarkiv											X	

Oppgaver	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
<b>(9) Utgreiing om arbeidet med privatarkiv i Norge (PRIV)</b>												
9.1 Råme, disposisjon for arbeidet				X								
9.2 Framdrift pr kapittel med forfattar og ansvar				X								
9.3 Drøfting av kapittel i møte i strategigruppa						X					X	
9.4 Første utkast												X
<b>(10) Kompetansmiljø elektroniske arkiv (EFORV)</b>												
10.1 Kompetansmiljø er kartlagt								X				
10.2 Strategi for samarbeid - utkast									X			
10.3 Workshop med alle aktuelle kompetansmiljø											X	
<b>(11) Tenestegrensensnitt mot Noark 5 (EFORV) – arbeidet ledes av KS</b>												
11.1 Tenestemodellen med tilhørende tenester definert							X					
11.2 Pilotversjonar av minst ein tenar og ein klient er implementert									X			
11.3 Grensesnittet er utprøvd og inkludert i Noark 5												X
11.4 Ein testklient er spesifisert												X
<b>(12) Digitalisering av offentleg sektor - konsekvensar for arkiv (EFORV)</b>												
12.1 Element i digitaliserings-satsinga er kartlagde					X							
12.2 Arkivfaglege konsekvensar ved bruk av disse er analysert										X		
12.3 Ein handlingsplan med framlegg til tiltak ligg føre												X
<b>(13) Dokumentfangst fra e-post (KOMM)</b>												
13.1 Innhenting av erfaringsgrunnlag								X				
13.2 Legge fram forslag til områder og tiltak										X		
13.3 Prioritere tiltakene											X	
13.4 Levere rapport med liste over prioriterte tiltak												X
<b>(14) Arkivkjerne som felleskomponent for offentleg sektor (EFORV)</b>												
14.1 Gjeldande krav til IKT-arkitektur er kartlagt					X							
14.2 Ulike modellar for bruk av felleskomponent for arkiv er analysert							X					
14.3 Deponeringsordninga og alternativ til denne er analysert											X	
14.4 Samla utgreiing med tilrådingar ligg føre												X

x - ikkje fullført   x - delvis fullført   x - fullført